

Notat Fosnavåg Hamn

I samband med handsaminga av Fosnavåg Hamn og miljøsaneringa der har økonomiavdelinga fått nokre spørsmål som vi vil gi ei tilbakemelding på gjennom eit notat.

1. Kva er normal avskrivningstid for eit slikt prosjekt.
Normalt sett vil t.d. ein ny kaifront i betong har 40 års avskrivningstid. Det er grunn til å tru at opparbeiding og tilordning av areal i bakkant av ei kai vil ha same avskrivningstid. Ein del kommunale investeringar har kortare avskrivningstid som t.d. rør, maskineri og utstyr, men det er vel ikkje snakk om slike installasjonar i denne saka.
2. Stipulert rentebane i avskrivningstida ?
Også eit vanskeleg punkt. Renta er lav i dagens kommunemarked. Lån med 4 års fast rente får ein no til om lag 0,9% og lån med 10 års fastrente er i dag prisa til mellom 1,45 og 1,50%.
No skal ikkje pengane lånast med det første og ingen veit korleis rentetivået vil vere om t.d. 1 år. T.d. vil eit 4 år swap om to år ligge på ca 0,87% i dag og 4 år swap om 3 år vil ligge på ca 1%. Føreset ein at kredittmarginen for fastrente for 4 år er den samme som i dag (på ca 0,32%), kjem ein fram til ei lånerente for en kommune på ca. 1,20%-1,35%. (det blir den teoretiske renta). For den delen kommunen sjølv skal finansiere (t.d. 40 års nedbetalingstid) bør ein legge inn ein buffer.
Nordøyvegen opererer med ei rente på om lag 3,5%. Kanskje er det rett at kommunen bereknar seg ei rente på mellom 2,5 og 3,0% når det er snakk om 40 års nedbetalingstid ?
3. Eventuell utfordring med aktivering av deler av planlagt investering.
Utfordringa er at vi etter at prosjektet er ferdigstilt sit att med materielle verdier som tilnærma samsvarer med våre kostnader. For å ha ei investering og der igjennom eit låneopptak må vi ha ein egedel å avskrive (kai, utfylt landareal osv). Elles blir tiltaket å sjå på som eit driftstiltak.
4. Prisstigninga fram til 2026
Prisvekst i 4 års perioden 2015-2019 var 10,8%. om ein då set ein prisvekst i perioden 2021-2026 på t.d. 2% per år så bør det vere eit ok utgangspunkt.
5. Oversikt over tidlegare kostandar som er ført på investeringsbudsjettet
Utgifter er ført på to prosjekt. Det eine er 70009 (om lag kr 100.000,- eks mva) og det andre er prosjekt 50131 (nær kr 1.500.000,-) eks mva – dvs totalt kr 1.500.000,-.

6. Rentekostnad for tidlegare kostnad som per dags dato er ført på investeringsbudsjettet – og då for perioden 2015-2026
Snittrenta på våre lån per dato er om lag 1,36% dvs ein rentekostnad per år på om lag kr 21.800,-. Avskrivingskostnad gitt 40 års avskriving blir då om lag kr 40.000,-. Det meste av det som er ført på prosjekt 50131 er gjort i 2015-2017 medan prosjekt 70009 har kostnadar utgiftsført i 2019 og 2020. Vanskeleg å gi eit godt estimat til rentekostnadane frå prosjektstart og fram til i dag, men då rentenivået har vore ein del høgare i perioden fram til mars 2020 dristar eg meg til å foreslå om lag kr 100.000,-.

Fosnavåg, 11.09.2020

Geir Egil Olsen

-økonomileiar-